

## REFERAT FRÅ KOMMUNALT FAU 8. NOVEMBER 2022

### Desse møtte:

Dagfrid Skjerahaug (vara for Ole Jørgen Nøstbakken), Erfjord skule

Irene Hamra, Jelsa oppvekstsenter

Arve Herabakka og Marita Maldal, Sand skule barneskule

Kjersti Moe, Vinjar skule

Atle Tveita, Marvik skule

Karl Johan Sande Heimark, via teams frå Vanvik

Olav Lindseth, Nesflaten oppvekstsenter

Judith Litlehamar, tidlegare leiar i kommunalt fau

Elin T. Sørestad, Sand skule ungdomsskulen

Dette var eit overføringsmøte til nytt kommunalt fau, så derfor ingen sakliste til dette møtet. Viktigast å få på plass eit nytt styre for skuleåret 2022-2023.

Fleire av representantane hadde saker med seg frå faumøter ved dei ulike skulane.

### Konstituering:

Det vart stemming for og velga ny leiar og skrivar. Judith talde opp stemmer:

Leiar: Kjersti Moe

Skrivar: Elin T. Sørestad

### Framtidas oppvekst:

Kommunalt fau vart invitert i dialogmøte med administrasjonen i Suldal kommune og KS-konsulent etter at kommunestyret hadde bestilt ei sak om utfordringane i Suldalskulen og korleis ein konkret kan møte desse i tida framover.

Etter møtet har KS-konsulenten laga ein rapport som administrasjonen har lagt til grunn for ei saksinnstilling.

Det var fleire av representantane i kommunalt fau som ikkje hadde motteke denne rapporten. Dei som hadde fått denne til gjennomlesing meiner at saksinnstillinga samsvarer lite med rapporten til KS-konsulenten. Det som var sakna i saksinnstillinga var: -rekrutering, -framsnakking, -heilghetleg tenking, -administrative ressursar.

Kommunalt fau stiller seg undrane til prosessen, veldig korte fristar for foreldre å uttale seg- lite drøfting ute i klassane, fau ved den enkelte skule og i kommunalt fau grunna korte frist. Det er viktig at det er god, open og grundig prosess der ein får belyst alle sider når ein skal drøfte framtidens oppvekst.

#### Saker frå faumøter ved dei ulike skulane:

- Erfjord skule: Svømmeopplæring, det er stor forskjell kor mykje svømmeundervisning elevane i kommunen får. Det bør vera eit eige skyssbudsjett til grendaskulane. Kan kommunen finne betre løysningar på dette, elevane kan ikkje straffast for avstand. Leiar i kommunalt fau drøftar dette med oppvekstsjefen.

Gratisprinsippet og erstatning av nettbrettutstyr, er det rett at foreldre må erstatte ødelagt utstyr. Etter litt drøfting kom det fram at der er ulik praksis på dette på dei ulike skulane- dette bør vera likt på alle skulane. Det er og problematisk at ein «arvar» nettbrettsutstyr i 1. og 8. klasse, ein bør kunne ha same utstyr heile skuleløpet.

- Sand skule, ungdomskulen: Lærebøker, elevane manglar lærebøker i fleire fag. Dette er likt for fleire skular, det trengs meir midler for å få dekkja skulebøker til alle faga. Sand skule har tatt dette opp i su.
- Vinjar skule: overgang mellom barneskule og Ungdomsskulen. Det er sett i gong fleire tiltak frå skulen si side som er bra. Det er viktig at det er fokus på dette og foreldra kan og vera med å bidra meir i dette arbeidet. Viktig at foreldra engasjerer seg, framsnakkar ungdomskulen, snakka om forventningar og førebur dei på overgangen. Bra og utnytte leirskulen, fritidsaktiviteter og Gaming på tvers av grendene. Det er og ønske om fleire besøksdagar for 7. klassingane på ungdomskulen.
- Sand skule barneskulen: SFO opningstid, det vert reagert på at det er ulik opningstid ved dei ulike skulane. Vinjar skule har hatt brukarundersøking og justert opningstida etter foreldra sitt behov- dette er å anbefale.

- Neste møte: 21. februar 2023 kl. 17.30 på Sans skule.
- Epostliste til medlemmer i kommunalt fau:  
[olejoergen@hotmail.com](mailto:olejoergen@hotmail.com)  
[Sveinung.nessa@suldal.kommune.no](mailto:Sveinung.nessa@suldal.kommune.no)  
[Oppistov-73@hotmail.com](mailto:Oppistov-73@hotmail.com)  
[olavlindseth@hotmail.com](mailto:olavlindseth@hotmail.com)  
[arve@herabakka.no](mailto:arve@herabakka.no)  
[marita.maldal@norsk-stein.no](mailto:marita.maldal@norsk-stein.no)  
[kjerstmoe@yahoo.no](mailto:kjerstmoe@yahoo.no)  
[arbeider\\_85@hotmail.com](mailto:arbeider_85@hotmail.com)  
[elinsorestad@gmail.com](mailto:elinsorestad@gmail.com)